



Tysnes Sparebank

KVARTALSRAPPORT 2015

3. kvartal

VERDISKAPANDE
ENGASJERT
TILGJENGELEG

Tysnes Sparebank

3. kvartal 2015

Hovudtrekk 3. kvartal

- **Opning av nytt salskontor på Lagunen**
- **Tilfredsstillande resultat**
- **God kundetilgang og vekst i utlån og innskot**
- **Tilfredsstillande margin**

Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med gjeldane lover og reglar for sparebankar og god rekneskapsførsel.

Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

Resultat

Bankens resultat før skatt er per 3. kvartal 2015 på 10,4 millionar kroner mot 8,3 millionar kroner på same tid i 2014. Etter skatt er resultatet på 8,5 millionar kroner mot 6,6 millionar kroner per 3. kvartal 2014. Resultat etter skatt gjev ein årleg eigenkapitalavkastning på 9,0 prosent (8,6 prosent i tredje kvartal 2014).

Rentemarginen i prosent av gjennomsnittlig forvaltningskapital er auka samanlikna med fjoråret. Marginen er 2,19 prosent mot 2,07 prosent i 3. kvartal 2014. Rentenivået er lavt og det er sterk konkurranse om kundane. Det vert difor krevjande for banken å oppretthalde denne marginen framover.

Netto andre driftsinntekter har auka med 0,6 millionar kroner frå tredje kvartal 2014. Dette har blant anna samband med auka utbytte frå Eika konsernet og vekst i forsikringsporteføljen.

Andre driftskostnader utgjer 17,9 millionar mot 14,8 millionar kroner i same periode i fjor. Etablering av nye kontor i 2015 er hovudårsaka til auken. Bankens kostnadsprosent, dvs. samla driftskostnader målt i høve til samla inntekter, er på 67 prosent per 3. kvartal 2015. Dette er på same nivå som i 2014.

Banken har ikkje store tap på utlån eller garantiar per 3. kvartal 2015. Bankens kredittrisikoprofil skal vera låg til moderat.

Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen utgjer 1.380 millionar kroner ved utgangen av tredje kvartal. Det er overført 390 millionar kroner i bustadlån til Eika Boligkreditt AS (EBK). Sum kapital i arbeid er dermed 1.770 millionar kroner. Bankens samla forvaltningskapital aukar i tråd med planlagt vekst.

Utlån

Samla utlånsvekst for banken dei siste 12 månader er på 26 % - det betyr at banken aukar marknadsandelen i regionen. Banken har styrt utlånsveksten mot Eika Boligkreditt AS så langt i år. Vekst i utlån via boligkreditt-foretaket er på 230 millionar kroner i høve til fjoråret.

Fordeling av utlån mellom privat- og bedriftsmarknaden er 83/17 prosent. Fordelinga er tilnærma uendra siste kvartal. Veksten innan bedriftsmarknaden er hovudsakleg til små og mellomstore bedrifter i regionen.

Mislegghaldne lån (90 dagar og eldre) før avsetningar er auka frå same tid i fjor og er i tredje kvartal 2015 på 1,11 prosent av bankens totale utlån. Avsetningane er i samsvar med gjeldane forsikringer.

Tapsutsette lån før avsetningar er 0,25 prosent, ein betring samanlikna med 3. kvartal 2014 (0,32 prosent). Banken har stort fokus på lønsam vekst. I ein fase der banken får mange nye førespurnader frå personkundar og verksemdar er bankens filosofi at kredittrisiko skal banken ikkje konkurrera på med andre bankar. Vår profil som ein bank med låg/moderat risiko skal vera kjenneteiknet på dei utlån som vert aksepterte.

Marginal vekst i brutto utlån på eigen bok gjer at dei gruppevise nedskrivingane er tilnærma uendra i 2015. Tapsvurderingar har ikkje avdekkja grunnlag for nye individuelle nedskrivingar sidan årsskiftet.

Innskot

Innskotsveksten dei siste 12 månader har vore på 12 prosent. Banken har framleis ein høg innskotsdekning på 88 prosent. Innskotsdekninga inkl. utlån via EBK er på 66 prosent.

Likviditet

Banken har god likviditet og har plassert likviditetsreservar i bank- og obligasjonsmarknaden. I tillegg har banken årleg rullerande kredittlinjer for daglege oppgjers-transaksjonar.

I Norges Bank og andre kredittinstitusjonar er det plassert til saman 95 millionar kroner. Det er inngått forvaltningsavtale med Eika Kapitalforvaltning AS for plassering av overskotslikviditet. Porteføljen på 75 millionar kroner er tilpassa ein lav risikotoleranse.

Soliditet

Bankens auke i kapitaldekning på 35 millionar vart registrert i byrjinga av andre kvartal 2015. Meir enn 200 personar/verksemdar teikna seg for nye eigenkapitalbevis i banken. Banken har derfor eit godt utgangspunkt for fortsatt vekst. Bankens reine kjernekapitaldekning er på 17,57 prosent per tredje kvartal. Bankens kapitaldekning og kjernekapitaldekning er 19,91 prosent.

Årets resultat er ikkje inkludert i berekningane.

Utsiktene framover


Tysnes Sparebank har opparbeidd ein solid marknadsposisjon i nærområdet Sunnhordland, Hardanger og Os/Fusa-området. Det er urolege tider innan oljerelatert verksemd. Banken har få engasjement med hovudverksemda innan denne sektoren. Det er å venta at arbeidsledigheten regionalt aukar noko, utan at banken forventar at dette skal få store konsekvensar. Personar og verksemdar i vår region har gjennom mange tiår vore vande med at tidene skiftar – enten det gjeld olje, industri eller fiskeri. Evna til omstilling er stor og banken forventar at nedgangen vi i dag ser i ein sektor ikkje vil få store konsekvensar for bankens drift og resultat.

Profilen som den personlege lokale banken er noko som marknaden lokalt tek godt i mot. Mange nye kundar finn vegen til Tysnes Sparebank. Banken er solid og godt rusta for fortsatt vekst i tida framover. Dei 2 nye kontoretableringane i 2015 er har vore ein suksess. Det er ei kontinuerleg vurdering av distribusjonsstrategien til banken noko som også betyr at nye kontoretableringar er under vurdering.

Forventningane framover er at banken sin vekst held fram og at den lokale marknadsandelen aukar. Gjennom Eika Alliansen kan Tysnes Sparebank tilby moderne digitale løysningar. Det er ein auke av kundar som gjer sine banktenester digitalt. Bankens politikk er at vi skal vera ein bank for alle – både dei som er digitale og dei som ynskjer den lokale personlege kontakten.

Tysnes Sparebank er ein bank som skapar verdiar for sine kundar, er engasjert både internt og eksternt samt at vi er tilgjengelege. Vårt verdigrunnlag VET er leiestjerna for bankens utvikling.

Tysnes, 27. oktober 2015
I styret for Tysnes Sparebank



Leif Magne Hovland
Styreleiar



Bente Raknes
Styrets nestleiar



Vidar Høviskeland
Styremedlem



Stein Olav M. Skaten
Varamedlem



Elisabeth Sandven
Styremedlem



Britt Ersvær
Styremedlem/tilsette



Dag Sandstål
Banksjef

Resultatregnskap (alle tall i 1.000 kroner)

	3. kvartal 2015	3. kvartal 2014	30.09.2015	30.09.2014	31.12.2014
Renteinntekter og lignende inntekter	12.581	12.912	37.292	35.731	48.802
Rentekostnader og lignende kostnader	5.071	6.505	15.754	17.863	24.164
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	7.510	6.407	21.539	17.868	24.637
Utbytte og andre inntekter av vp med var. Avkast.	-	55	808	546	546
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester	2.510	1.736	6.005	4.988	6.862
Provisjonskostnader og kostnader fra banktjenester	521	381	1.460	1.127	1.556
Netto verdiendr. og gev./tap på val. og vp omløp	(6)	20	(329)	(51)	21
Andre driftsinntekter	-	-	-	65	65
Netto andre driftsinntekter	1.983	1.430	5.025	4.421	5.938
Personalkostnader	3.099	2.243	8.092	6.177	9.278
Administrasjonskostnader	1.681	1.436	5.294	4.778	6.667
Avskrivning	205	170	550	506	658
Andre driftskostnader	1.106	951	3.962	3.311	4.928
Sum driftskostnader	6.090	4.800	17.898	14.772	21.531
Resultat før tap	3.402	3.037	8.665	7.517	9.045
Tap på utlån, garantier m.v.	(12)	401	7	726	1.108
Kurstap anleggsaksjer	-	(1.523)	(1.742)	(1.522)	(1.522)
Resultat av ordinær drift før skatt	3.414	4.159	10.401	8.314	9.459
Skatt	897	727	1.957	1.728	2.399
Resultat av ordinær drift etter skatt	2.517	3.432	8.445	6.585	7.060

Balanse (alle tall i 1.000 kroner)

Eiendeler	30.09.2015	30.09.2014	31.12.2014
Kontanter og fordringer på sentralbanken	54.547	54.340	37.897
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner	40.192	19.017	31.094
Utlån til og fordringer på kunder	1.191.676	1.099.551	1.121.458
Individuelle nedskrivninger	(3.285)	(4.035)	(3.335)
Gruppenedskrivninger	(5.000)	(4.750)	(4.900)
Sum netto utlån og fordringer på kunder	1.183.391	1.090.766	1.113.223
Sert., obl og andre rentebærende vp med fast avkast.	44.939	49.721	50.514
Aksjer, andeler og andre vp med variable avkastning	44.328	42.780	22.915
Immaterielle eiendeler	779	187	779
Varige driftsmidler	9.004	8.734	8.583
Andre eiendeler	1.215	38	21
Forsk. Bet. ikke pål. Kost. og opptj. ikke mottatte innt.	1.233	5.632	2.426
Sum Eiendeler	1.379.628	1.271.213	1.267.452
Gjeld og Egenkapital	30.09.2015	30.09.2014	31.12.2014
Gjeld til kredittinstitusjoner	96.000	96.000	96.000
Innskudd fra og gjeld til kunder	1.048.343	977.141	990.671
Gjeld stiftet v/utstedelse av verdipapirer	49.960	49.936	49.942
Annen gjeld	5.521	4.936	4.042
Påløpte kostnader og mottatte ikke opptjente innt.	12.695	16.579	2.807
Avsetninger for påløpte kostnader og forpliktelser	53	971	53
Ansvarlig lånekapital	20.000	20.000	20.000
Sum Gjeld	1.232.573	1.165.563	1.163.516
Aksjekapital	34.675	-	-
Sparebankens fond	103.731	98.860	103.731
Gavefond	205	205	205
Regnskapsperiodens resultat	8.444	6.585	-
Sum Egenkapital	147.054	105.650	103.936
Sum Gjeld og Egenkapital	1.379.628	1.271.213	1.267.452

Nøkkeltall (annualisert der annet ikke er spesifisert)

	3. kvartal 2015	2. kvartal 2015	1. kvartal 2015	4. kvartal 2014	3. kvartal 2014
Resultat (isolerte kvartalsstall) - tall i MNOK					
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	7,5	7,1	6,9	6,8	6,4
Netto andre driftsinntekter	2,0	1,9	1,1	1,5	1,4
Sum driftskostnader	6,1	5,9	5,9	6,8	4,8
Resultat før tap	3,4	3,2	2,1	1,5	3,0
Tap på utlån, garantier m.v.	-	-	-	0,4	0,4
Gevinst/tap anleggsaksjer	-	(1,7)	-	-	(1,5)
Resultat av ordinær drift før skatt	3,4	4,9	2,1	1,1	4,1
Skatt	0,9	0,5	0,6	0,6	0,7
Resultat etter skatt	2,5	4,4	1,5	0,5	3,4
Balanse (utvalgte poster) - tall i MNOK					
Forvaltningskapital	1.380	1.358	1.244	1.267	1.271
Forvaltningskapital inkl. EBK	1.770	1.690	1.468	1.445	1.431
Brutto utlån (egen balanse)	1.192	1.155	1.131	1.121	1.100
Utlån EBK	390	332	224	178	160
Brutto utlån inkl. EBK	1.582	1.487	1.355	1.299	1.260
Innskudd	1.048	1.032	946	991	977
Sparebankens fond inkl. resultat hittil i år	112	110	106	104	105
Egenkapitalbevis kapital	35	35	-	-	-
Lønnsomhet					
Kostnader i % av inntekter justert for VP	68,6 %	71,2 %	73,1 %	71,7 %	67,8 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	21,2 %	18,4 %	13,5 %	7,0 %	7,1 %
Egenkapitalavkastning*	9,0 %	9,6 %	5,9 %	7,0 %	8,6 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	17,4 %	15,4 %	14,7 %	17,9 %	18,0 %
Innskuddsmargin hittil i år	-0,21 %	-0,21 %	-0,28 %	-0,39 %	-0,40 %
Utlånsmargin hittil i år	2,81 %	2,78 %	2,82 %	2,83 %	2,82 %
Netto rentemargin hittil i år	2,19 %	2,20 %	2,22 %	2,09 %	2,07 %
<i>* EK-avkastning etter beregnet skatt - Annualisert</i>					
Innskudd og Utlån					
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	24,7 %	22,3 %	15,2 %	13,7 %	12,7 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	28,4 %	25,5 %	18,9 %	15,7 %	14,6 %
Utlånsvekst siste kvartal	3,2 %	2,1 %	0,9 %	1,7 %	4,2 %
Utlånsvekst inkl. EBK siste kvartal	6,4 %	9,7 %	4,3 %	3,2 %	4,3 %
Innskuddsdekning	88,0 %	89,4 %	83,7 %	88,3 %	88,9 %
Innskuddsdekning inkl. EBK	66,3 %	69,4 %	69,8 %	76,3 %	77,6 %
Soliditet					
Ren kjernekapitaldekning	17,57 %	18,04 %	14,62 %	14,86 %	14,14 %
Kjernekapitaldekning	19,91 %	20,44 %	17,08 %	17,20 %	16,46 %
Kapitaldekning	19,91 %	20,44 %	17,08 %	17,20 %	16,46 %
Beregningsgrunnlag	782.131	761.809	698.070	693.361	673.963
Likviditet					
Likviditetsindikator 1	108,42	111,19	102,46	110,37	110,89
Likviditetsindikator 2	111,38	114,27	105,59	110,37	110,89
Egenkapitalbevis					
Resultat per egenkapitalbevis	96,33	67,69			
Bokført egenkapital per egenkapitalbevis	105,11	103,31			
P/B	1,05	1,06			
Siste omsatte kurs	110	108			

Noteopplysninger (alle tall i 1.000 kroner)

Tap på utlån	30.09.2015	30.09.2014	31.12.2014
Periodens endring i individuelle nedskrivninger	-50	50	-650
Periodens endring i gruppevis nedskrivninger	100	550	700
Periodens konstaterte tap som det tidl. er nedskrevet for	-	24	874
Periodens konstaterte tap som det tidl. ikke er nedskrevet for	-	267	365
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	-43	-166	-181
Periodens tapskostnad	7	726	1.108

Misligholdte engasjement	30.09.2015	30.09.2014	31.12.2014
Brutto misligholdte utlån	13.250	6.922	6.484
Individuelle nedskrivninger	-1.300	-1.650	-1.150
Netto misligholdte utlån	11.950	5.272	5.334

Andre tapsutsatte engasjement	30.09.2015	30.09.2014	31.12.2014
Tapsutsatte engasjement (ikke misligholdt)	3.004	3.518	3.273
Individuelle nedskrivninger	-1.985	-2.385	-2.185
Netto tapsutsatte engasjement	1.019	1.133	1.088

Kapitaldekning	30.09.2015	30.09.2014	31.12.2014
Sparebankens fond	103.731	98.860	103.731
Gavefond	205	205	205
Innbetalt egenkapitalbeviskapital	34.675	-	-
Overfinansiert pensjonsforpliktelse	-	-2.679	-
Fradrag for ansvarlig kapital i andre fin.inst.	-1.167	-1.086	-935
Sum ren kjernekapital	137.444	95.300	103.001
Fondsobligasjoner	20.000	20.000	20.000
Fradrag for ansvarlig kapital andre finansinst.	-1.750	-4.342	-3.738
Sum kjernekapital	155.694	110.958	119.263
Netto ansvarlig kapital	155.694	110.958	119.263

Eksponeeringskategori (vektet verdi)	30.09.2015	30.09.2014	31.12.2014
Lokal regional myndighet	3.133	835	1.438
Institusjoner	804	22	2
Foretak	79.455	72.489	81.296
Pantsikkerhet eiendom	478.733	422.829	426.341
Forfalte engasjementer	15.940	6.131	7.068
Obligasjoner med fortrinnsrett	2.895	3.343	3.133
Fordringer på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	7.463	3.227	5.649
Andeler verdipapirfond	8.337	6.780	2.811
Egenkapitalposisjoner	17.189	10.098	15.526
Øvrige engasjementer	125.205	101.340	108.776
Kapitalkrav fra operasjonell risiko	50.894	46.869	50.894
Gruppenedskrivninger	-5.000	-	-4.900
Ansvarlig kapital i andre finansinst.	-2.917	-	-4.672
Beregningsgrunnlag	782.131	673.963	693.361
Kapitaldekning i %	19,91 %	16,46 %	17,20 %
Kjernekapitaldekning	19,91 %	16,46 %	17,20 %
Ren kjernekapitaldekning i %	17,57 %	14,14 %	14,86 %

